



## MØTEPROTOKOLL LEVEKÅRSUTVALET

**Møtedato:** 27.04.2020  
**Møtestad:** Heradshuset, Dale  
**Møtetid:** 12:00 - 14:00

Møtet vert gjennomført som eit fjernmøte.

### ORIENTERINGAR

Fast orientering frå rådmannen

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Ivar Rødland Bergo	SP	Utvalseiar
Line Kydland	SV	Nestleiar
Trond Olav Magnussen	H	Medlem
Evy Beate Kvamme	SV	Medlem
Trygve Jakobsen	FRP	Medlem
Ole-Anders Brekkhus	AP	Medlem
Lisa Natalie Johnsen Lunde	AP	Medlem

---

### Andre møtande:

Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad,  
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen,  
Kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum

---

## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
08/2020	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
09/2020	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
10/2020	REFERATSAKER OG MELDINGAR
11/2020	FOLKEHELSEPROFIL VAKSDAL 2020



12/2020      VERTSKOMMUNESAMARBEID OM KRISESENTER FOR BERGEN OG OMEGN

08/2020: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Levekårsutvalet 27.04.2020

**Behandling:**

Med heimel i mellombels forskrift for gjennomføring av fjernmøter i folkevalde organ §2, var møtet i Levekårsutvalet gjennomført som eit fjernmøte.

Samrøystes vedtak

**LEV - sak 08/2020 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

09/2020: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Levekårsutvalet 27.04.2020

**Behandling:**

Samrøystes vedtak

**LEV - sak 09/2020 Vedtak/Tilråding:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

10/2020: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:



Referatsakene vert tatt til orientering.

**Levekårsutvalet 27.04.2020**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak

**LEV - sak 10/2020 Vedtak/Tilråding:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

---

**11/2020: FOLKEHELSEPROFIL VAKSDAL 2020**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert teken til orientering.

**Levekårsutvalet 27.04.2020**

**Behandling:**

Kommunalsjef for helse og omsorg Solrun Hauglum orienterte om folkehelseprofilen utarbeida av folkehelseinstituttet.

Kommunalsjef for oppvekst orienterte om arbeidet med folkehelseoversyn for Vaksdal kommune.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**LEV - sak 11/2020 Vedtak/Tilråding:**

Saka vert teken til orientering.

---

**12/2020: VERTSKOMMUNESAMARBEID OM KRISESENTER FOR BERGEN OG OMEGN**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommune godkjenner avtalen om administrativt vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn

**Levekårsutvalet 27.04.2020**

**Behandling:**



## Vaksdal kommune

Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad orienterte om saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **LEV - sak 12/2020 Vedtak/Tilråding:**

Vaksdal kommune godkjenner avtalen om administrativt vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn

---



### **Skriftlege spørsmål frå medlemmer i utvalet**

Trond Olav Magnussen (H) stilte følgande spørsmål:

Vi hørte i kommunestyret at ca halvparten av 4,2 mill i overforbruk de siste 6 ukene hadde gått til Helse og omsorg.

Kan du si litt i levekår om hvordan de midlene er brukt?

- Er det kjøp av smittevernutstyr/ antibac etc ?
- Er det økt opp i bemanningen?
- Er det økte kostnader i forbindelse med renhold?
- En kort beskrivelse av dagens situasjonsbilde for de ansatte i tjenestene.
- Ser det er gjort en god jobb med annonsering av jobber, har man fått inn noen ekstra til tjenestene de siste ukene?

Kommunalsjef for helse og omsorg Solrun Hauglum svarte på spørsmåla i møte.

Ivar Bergo (SP) stilte følgande spørsmål:

Viser til innsendt svar på spørsmål frå sist kommunestyremøte vedrørende bruk av doble rom, og vil ved høve stilla oppfølgingsspørsmål til svaret i møtet i morgon:

1. Det kan ut frå svaret sjå ut som bruken av dobbeltrom har gått ned ved inngangen av koronakrisa; i kva grad er krisa grunnen til nedgangen, og kan ein forventa like utstrakt bruk av dobbeltrom når ein kjem attende til normaltilstand?
2. Korleis vert det jobba med å få ned bruken av dobbelrom?

Kommunalsjef for helse og omsorg Solrun Hauglum svarte på spørsmåla i møte.

### **Spørsmål stilt i utvalsmøte:**

Trygve Jakobsen (FRP) stilte spørsmål knytt til tildeling av ledige vakter. Om vikarressursar får tildelt vakter som i utgangpunktet kunne ha vore tildelt tilsette med redusert stilling.

Kommunalsjef for helse og omsorg Solrun Hauglum svarte på spørsmålet i møte.

Lisa N. Johnsen Lunde (AP) stilte spørsmål om antall helsemedarbeidarar som er henta frå vikarbyrå.

Kommunalsjef for helse og omsorg Solrun Hauglum svarte på spørsmålet i møte.

Lisa N. Johnsen Lunde (AP) stilte spørsmål om antall pasientar ved Daletunet og vurderingar knytt til utskrivingsklare pasientar.

Kommunalsjef for helse og omsorg Solrun Hauglum svarte på spørsmålet i møte.

### **Orienteringar frå rådmannen**

Kommunalsjef for oppvekst Ann Kristin Bolstad orienterte om status ved delvis gjenopning for barnehagar og skular i samband med koronautbrotet.

Kommunalsjef for oppvekst Ann Kristin Bolstad orienterte om at fylkesmannen i Vestland har



## Vaksdal kommune

gjennomført dokumenttilsyn av barnehagane i Vaksdal kommune. Tilsynet omhandla sakshandsaminga av spesialpedagogisk hjelp. Fylkesmannen har gjeve kommunen pålegg om rettingar med frist 15.mai.

Medlemmer i levekårsutvalet var imponert over det gode arbeidet som er gjort i samband med korona-situasjonen og rosar kommunalsjefane og dei tilsette i kommunen.